

# **BJØRNAFJORDEN KOMMUNE**

## **KONTROLLUTVALET**

---

### **PROTOKOLL**

#### **FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE**

Tid: Fredag 10 april kl 09.00-13.30

Møtestad: Bjørnafjorden Rådhus, Våganipen 4. etg

Til stades: Richard Markus (AP) leiar, Christian Lyngbø (FRP), Helge Andersen (SP), Lin Cathrin Brunborg Anthun (H) og Malin Næss Vangsnes-Weaver (MDG)

Forfall: Thorstein Skårnes hadde meldt fråfall.

Vara: Christian Lyngbø møtte som vara.

5 av 5 voterande medlemmer møtte

#### **Dessutan møtte:**

##### Deloitte AS:

Erlend Risvand Mo, forvaltningsrevisor

##### Bjørnafjorden kommune:

Arild McClellan Steine, Kommunedirektør i sak 11/26 og 12/26

Ingrid Karin Kaalaas, økonomisjef i sak 12/26

### **SAKSLISTE**

| <u>SAKNR</u> | <u>SAKSTITTEL</u>                                                                                 |
|--------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 09/26        | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE                                                            |
| 10/26        | GODKJENNING AV PROTOKOLL ETTER MØTE I KONTROLLUTVALET 13.02.2026                                  |
| 11/26        | ORIENTERING OM RISIKOVURDERING OG INTERNKONTROLL I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE                          |
| 12/26        | GJENNOMFØRT TILSYN FRÅ ARBEIDSTILSYNET- BJØRNAFJORDEN KOMMUNE KOMMUNEDIREKTØREN SIN STAB RÅDHUSET |

|       |                                                                    |
|-------|--------------------------------------------------------------------|
| 13/26 | BESTILLING INTERNKURS FOR KONTROLLUTVALET                          |
| 14/26 | PROSJEKTPLAN – INTERNKONTROLL I BJØRNAFJORDEN<br>UTVIKLINGSSKAP AS |
| 15/26 | ORIENTERINGS- OG REFERATSAKER                                      |

## EVENTUELT

### **SAKSNR 09/26 : GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

#### KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 10.04.26

Innkalling og saksliste utsendt pr. e-post til medlemmene i kontrollutvalet. Leiar i kontrollutvalet gjorde merksam på ei endring i rekkefølga i sakslista.

Samrøystes godkjent

#### INNSTILLINGA FRÅ SEKRETARIATET

Innkalling og saksliste vert godkjend.

### **SAKSNR 10/26: GODKJENNING AV PROTOKOLL ETTER MØTE I KONTROLLUTVALET 13.02.2026**

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Protokoll frå møte 13.02.2026 vert godkjend.

#### KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 10.04.26

Protokoll utsendt pr. e-post til medlemmene i kontrollutvalet. Det var ingen merknader til denne.

Samrøystes godkjend.

#### INNSTILLINGA FRÅ SEKRETARIATET:

Protokoll frå møte 13.02.2026 vert godkjend.

### **SAKSNR 11/26 : ORIENTERING OM RISIKOVURDERING OG INTERNKONTROLL I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE**

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet tek kommunedirektøren sin presentasjon til orientering.

#### KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 13.02.2026

Arild McClellan Steine, kommunedirektør orienterte i saka, og viste korleis internkontroll-systemet i Bjørnafjorden kommune er bygd opp. Kommunedirektøren presenterte ein pyramide som viste ulike nivå i kor godt internkontroll var integrert. Modellen var delt inn i 5 nivå, der grønt var det øvste nivået og det nivået som kommunen ønskte å vera på. På ein del område var kommunen ikkje der dei ønskte å vere, men arbeider kontinuerleg for å nå måla sine. Medlemmene i kontrollutvalet stilte spørsmål mellom anna til etterkontroll/internrevisjon som viste om interkontrollsystemet fungerte etter hensikta. Kommunedirektøren informerte om at det ikkje var nokon internrevisjon av systema med unntak av dei kontrollane som kommunen sin revisor gjorde ved revisjon av rekneskapet til kommunen. Kontrollutvalet var fornøgd med orienteringa, men ynskjer å få tilsendt årshjul for internkontroll. Kontrollutvalet har i tidlegare korrespondanse med kommunedirektøren fått opplyst at leiargruppa arbeider med eitt årshjul fram mot sommaren 2026. Sekretariatet vil rette førespurnad til kommunedirektøren og be om å få dette oversendt når det er ferdig.

Samrøystes godkjent.

#### INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orientering frå kommunedirektøren til orientering.

#### **SAKSNR 12/26: GJENNOMFØRT TILSYN FRÅ ARBEIDSTILSYNET-BJØRNAFJORDEN KOMMUNE KOMMUNEDIREKTØREN SIN STAB RÅDHUSET**

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet tek orientering frå administrasjonen til orientering.

#### KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 10.04.26

Arild McClellan Steine, kommunedirektør, og Ingrid Karin Kaalaas, økonomisjef, orienterte i saka. Innleiingsvis viste økonomisjefen til at tilsynet hadde avdekt at Bjørnafjorden kommune ikkje gjennomførte nødvendig kontroll av lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Dette var å rekna som brot på forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar mv. §§ 4 og 7. Administrasjonen var ikkje samd i det var utvist grov aktløyse, men etter å ha lese gjennom rapporten konkluderte dei med at dei ikkje vil nå fram med ein eventuell anke av gebyret. Økonomisjefen presenterte tiltak som kommunen hadde sett i verk, og viste også til at i september 2025 vart det tilsett ein jurist, slik at no var det 1,5 årsverk som har ansvaret for desse kontraktene i tillegg til andre avtalar/kontraktar. Ho understreka at det framleis var lite ressursar i denne seksjonen. Kontrollutvalet stilte ein del spørsmål og desse vart tilfredsstillande svart på. Kontrollutvalet tek presentasjonen til orientering.

Samrøystes godkjent.

#### INNSTILLINGA FRÅ SEKRETARIATET:

Kontrollutvalet tek orientering frå administrasjonen til orientering.

## **SAKSNR 13/26: BESTILLING INTERNKURS FOR KONTROLLUTVALET**

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre internt kurs på møte i kontrollutvalet 27. mai, med følgende tema «Organisatorisk internkontroll».

### **KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 10.04.26**

Sekretariatet presenterte kursoversikta i møtet og medlemmene i kontrollutvalet var samde om at dei ønskte kurs nr 10. «Organisatorisk internkontroll.»

Samrøystes godkjent.

### **INNSTILLING TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre internt kurs på møte i kontrollutvalet 27. mai.

## **SAKSNR 14/26 : PROSJEKTPLAN – INTERNKONTROLL I BJØRNAFJORDEN UTVIKLINGSSELSKAP AS**

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon med følgende tema: Internkontroll i Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS.
2. Prosjektet vil ha eit øvre tidsforbruk på anslått 270 timar. Kontrollutvalet ber revisor innarbeide merknader og innspel til prosjektet som kom fram i møtet.
3. Prosjektet skal ferdigstillast innan utgangen av oktober 2026.

### **KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 10.04.2026**

Erlend Risvand Mo, forvaltningsrevisor, presenterte prosjektplan og medlemmene i kontrollutvalet kom med innspel som forvaltningsrevisor tek med seg vidare i prosjektet.

Samrøystes godkjent.

### **SEKRETARIATET SI INNSTILLING**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon med følgende tema: Internkontroll i Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS.
2. Prosjektet vil ha eit øvre tidsforbruk på anslått 270 timar. Kontrollutvalet ber revisor innarbeide merknader og innspel til prosjektet som kom fram i møtet.
3. Prosjektet skal ferdigstillast innan utgangen av oktober 2026.

## **SAKSNR 15/26 : ORIENTERINGS- OG REFERATSAKER**

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Orienterings- og referatsakene vert tekne til orientering.

## KONTROLLUTVALET SI BEHANDLING I MØTE 10.04.2026

OS 03/26: Sekretariatet gjekk gjennom oppdatert årsplan i møtet.  
Ingen merknader til denne.

OS 04/26: Møteprotokollar frå andre politiske utval  
Medlemmene i kontrollutvalet hadde gjennomgang av møteprotokollar i andre politiske utval.  
Ingen kommentarar til desse.

Samrøystes godkjend.

### INNSTILLINGA FRÅ SEKRETARIATET:

Orienterings- og referatsakene vert tekne til orientering.

### EVENTUELT

Det vart teke opp ei sak under eventuelt, denne blei tildelt saksnummer 16/26.

### SAKSNR 16/26: VARSLING/HENVENDELSER TIL KONTROLLUTVALET

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Kontrollutvalet tek leiar av kontrollutvalet sin presentasjon til orientering.

#### BEHANDLING I MØTE 10.04.2026

Det var motteken 4 varslingar/førespurnader frå innbyggjarar i Bjørnafjorden kommune.  
Sekretariatet hadde utarbeidd oversikt over desse sakene og desse var sende kontrollutvalet i forkant av møtet. Førespurnadene/varslingane gjeld følgjande:

- Førespurnad vedrørande forhold i skulesektoren
- Førespurnad vedrørande eit av dei kommunale føretaka
- To førespurnader vedrørande manglande svar og oppfølging av eigedomssak

Leiar orienterte kort om at kontrollutvalet sine oppgåver er å kontrollere at lover og reglar blir følgde og at vedtak og retningslinjer blir etterlevd. Kontrollutvalet har også ansvar for å kontrollere økonomisk forvaltning, gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, samt å sikre at årsrekneskapane vert reviderte på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal ikkje drive utøvande verksemd eller behandle enkeltsaker. Kontrollutvalet var samde om at det ikkje var kontrollutvalet si oppgåve å gå inn på desse sakene.

Bjørnafjorden 10.04.26  
Richard Markhus (leiar)

Elektronisk kopi:  
Ordføraren  
Kommunedirektøren  
Økonomisjefen  
Deloitte AS